

Navalnyjs sjølvbiografi:

Ein ekte russisk patriot

Ikkje sidan overprest Avvakum skreiv sitt «Liv» på 1600-talet er det komen ut ein viktigare sjølvbiografi på russisk. Avvakum talte tsar- og kyrkjemakta midt imot og vart brent på bålet i 1682. Nesten 350 år seinare leid Aleksej Navalnyj, den fremste russiske opposisjonspolitikaren i vår tid, ein liknande skjebne. Først vart Navalnyj forgifta, so vende han attende til Russland, vart arrestert og hamna til slutt i ein fangeleir i Nord-Russland, der han døydde i februar i år.

Navalnyjs sjølvbiografi er viktig fordi han gjev eit rikt portrett av den mest sentrale russiske politikaren i vår tid. Vi følgjer han frå barndom i sein sovjettid via ungdomstid under Jeltsin til han som vaksen blir korrupsjonsjeger og Putin-regimets argaste kritikar. Allereie som ung mann ønskjer han å gjere Russland betre. Han blir skuffa over Jeltsin og blir med i det liberale opposisjonspartiet Jabloko.

Men Navalnyj blir fort frustrert av partipolitikken og leitar etter ei sak som kan mobilisere massane. Den saka finn han fort. Russland er gjennomkorrumpert. Er det noko som gjer den jamne russar sinna, so er det at eliten veltar seg i luksus, medan vanlege folk slit med å få endane til å møtast. Navalnyj byrjar å dokumentere korrupsjonen og formidlar resultata av undersøkingane i bloggar og videoar. Han organiserer masse møte, og plutselig har opposisjonen vind i segla. Resten av historia er velkjend. I Kreml sit ein tidlegare KGB-offiser som tar i bruk alle KGB sine verkemiddel for å kneble opposisjonen.

Som personleg vitnesbyrd er Navalnyjs bok viktig, men ho er enda viktigare som ei skildring av moderne russisk historie. Navalnyj får godt fram at Sovjet-Unionen var eit ideologisk, moralsk og økonomisk konkursbu. Ideologien hadde ingen svar på spørsmåla i samtida, leiarane fór berre med løgn, og staten makta ikkje å produsere varer som folk ville ha.

Navalnyj leverer skarpe analysar av Gorbatsjov og Jeltsin. Gorbatsjov sine halvhjarta reformar hadde ingen sjanse til å lykkast, men Navalnyj gjev Gorbatsjov ros for å arbeide for avspenning. Dessutan var Gorbatsjov den einaste russiske leiaren som ikkje gjorde seg sjølv og sine næraste rike.

Om ein skal tru Navalnyj, var Jeltsin aldri nokon demokrat, men hadde berre to tankar i hovudet: makt og vodka. Jeltsins etterfølgjar, Vladimir Putin, får lite merksemd i boka, men Navalnyj legg ikkje fingrane imellom når han skildrar korleis presidenten og krinsen rundt han plyndrar rikdomane til staten og gjer seg sjølv styrtrike. Navalnyjs eiga utvikling frå aktiv opposisjonspolitikar til samvitsfange er eit vitnesbyrd om forfallet under Putin. Den tidlegare KGB-offiseren arva eit relativt ope samfunn som han litt etter litt forvandla til den krigerske og autoritære politistaten vi kjenner i dag.

Eit moment Navalnyj kunne brukt meir plass på, er forholdet til nasjonalismen tidleg på 2000-talet, då han vart kritisert for å pleie omgang med brunstripa nasjonalistar. Lesaren lyt undre seg korleis dette går i hop med dei demokratiske ideane som elles gjennomsyrrer boka. Sjølv seier Navalnyj berre at han ønska ein breiast mogleg allianse, og at nasjonalistane var betre enn sitt rykte.

Som litterært verk går Navalnyjs tekst utanpå dei fleste politiske biografier. Ein merkar berre etter nokre sider at forfattaren er ein skrivefør kar som kan sine litterære klassikarar. Navalnyj leiker med ulike sjangrar. Boka byrjar mest som ein kriminalroman med det dramatiske drapsforsøket på forfattaren, men glir so over i ein meir tradisjonell sjølvbiografi, før ho endar opp som fangeleirlitteratur med korte notat frå fengselet. Heile vegen er det vanskeleg å legge boka frå seg. Sjølv om ho er på nesten 500 sider, er ho ikkje ei side for lang.

Tittelen på boka, «Patriot», er eit spark til regimet i Kreml. I den offisielle propagandaen blir ordet «patriot» nytta som synonym til «Putin-tilhengar». Navalnyj viser kva ein ekte russisk patriot kan vere. Han vil det beste for landet, og han er ikkje korrumpert. Dermed må han bøte med livet.

Språket i Gunnar Nyquist si norske omsetjing har god flyt, men det er synd at den norske utgåva er omsett frå engelsk og ikkje frå den russiske originalen. Eg har ikkje hatt høve til systematisk å jamføre dei ulike utgåvene, men nokre stikkprøver tyder på at den norske utgåva er mindre munnleg i stilen enn den russiske.

På same måten som under Stalin gjer dagens regime alt for å kneble opposisjonen. Det viktigaste våpenet deira er frykt. Korleis kunne Navalnyj våge å vende attende til Russland etter at regimet hadde freista å ta livet av han med gift? Var han ikkje redd? Navalnyjs lakoniske svar er at han ikkje var redd, fordi han hadde bestemt seg for å ikkje vere redd. Kjensla av frykt hadde han lagt til side tidleg i livet, sjølv om han forstod at regimet i Kreml var ute etter å ta han. Han visste at i Kreml sit det ein liten mann som ikkje skyr noko middel – fordi han er redd.